

Norges vassdrags- og energidirektorat
Region Vest
Naustdalsvegen 1 b
6800 Førde

Dammar Skålavatn, Luster kommune, Søknad om å senke Skålavatn under LRV

Syner til telefonsamtale vedkommande senking av Skålavatn.

I samband med den planlagde nedtappinga av driftstunnelen frå Skålavatn til Skagen kraftstasjon i perioden 5.mars til 29.mars 2021, ynskjer Hydro Energi Sogn på førehand å tappa Skålavatn 4-6m under LRV.

Nedtappinga er planlagt for å kunne utbedra avvik frå revurdering som går ut på at lukeproppen nedstaums lukene ikkje er dimensjonert for poretrykk med tømd vassveg nedstraums stengde luker. Ifølge teknisk plan skal det borast totalt 52 hol gjennom betong og inn i fjell, rett nedstrøms lukeføringar, der det skal setjast bolt i 32 av dei og resterande er dreneringshol for avlasting av poretrykk.

LRV for Skålavatn er på kote 988, medan luketerskel er på 982. Då boring i betong og fjell vil medføre vibrasjonar i fjell/betong, så ynskjer Hydro Energi å tappe ned Skålavatn så langt ned som råd for å redusera risikoen for uynskte hendingar i samband med boring gjennom lukeproppen. Dersom Skålavatn kan tappast 4-6m under LRV, så betyr det eit nivå likt med luketerskelen og ingen påkjenning på lukene medan ein utfører boring i lukeproppen og fjell.

Planteikningar frå bygginga av Fortun kraftverk kan tyda på at det ikkje vil vera mogeleg å senke Skålavatn lågare enn ca. 984 (såle inntakstunnel mot Skålavatn), men då ein ikkje har «som bygget» teikningar ynskjer me mogelegheita til nedtapping ned mot luketerskelnivå.

Hydro Energi Sogn kan ikkje sjå at tappinga medfører nemneverdige konsekvensar for fisk i vatnet, då senkinga frå LRV og ned 4-6m under vil ta 4-5 dagar pga. restriksjonar i køyring under kote 990.

Med helsing



Johnny Bruheim
Vassdragsteknisk ansvarleg
Hydro Energi AS
M: + 47 917 82 684